

Siste støyping på dammen i dag.

26.01.2017



AIRLIFT med pilot Ola Rugland brukar maks 5 minuttar på kvart hiv, frå lasteplassen på Haugland til dammen ved Mannsvatnet.

Helikopter frå AIRLIFT har i dag frakta 22 kubikk betong til fjells. Med det er truleg den siste støypinga gjort på dammen ved Mannsvatnet. Tre betongbilar frå Betongvarer i Dimmelsvik stod for transporten til lasteplassen på Haugland. Lufttransporten var svært rask. Det vart rekna maks 5 minuttar på kvart hiv.



[AIRLIFT frå Kinsarvik er godt kjend i Uskedalen. Kvant hiv går unna på maks 5 minuttar.](#)

Med dette er kraftanlegget på Kjærland/Haugland inne i slutfasen. I dag vart det såleis støyping på den siste seksjonen i dammen. AIRLIFT frå Kinsarvik kjenner lende og topografien svært godt. I tida, det har vore anleggsarbeid i Uskedalen, har dei fleste av AIRLIFT sine pilotar vore i område. Piloten i dag var Ola Rugland frå Sigdal. Lastekvinna var Silje Løkstad frå Kragerø. Flygetida tur/retur på kvar tobbe i dag var nede på vel 3 minuttar. Det må seiast vera ein svært effektiv transport. I tida helikopteret er på fjellet, fyller Betongvarer ny tobbe..

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Lastemannen, som er ei dame, Silje Løkstad frå Kragerø.